

Fra: Magne Emil Hamre Verpelstad <Magne.Verpelstad@modalen.kommune.no>

Sendt: 14.11.2022 16:37:15

Til: Janne Eraker <janne.eraker@vestlandsrevisjon.no>

Kopi: Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke <jo.tommerbakke@modalen.kommune.no>

Emne: Rapportering konsesjonskraftinntekt

Hei

Kommunal- og distriktsdepartementet har sendt brev til dei kommunane som har inntekt frå konsesjonskraft. Bakgrunnen for brevet er å skape eit grunnlag for rimeleg fordeling av eit trekk på samla kr 3 milliardar. Spesielt er det peika på at kommunar som har redusert inntekt frå konsesjonskraft, basert på juridisk bindande avtalar, ikkje skal bli trukket for inntekt dei ikkje kan realisere som følgje av desse avtalane.

Modalen kommune har inngått juridisk bindande avtale med Modalen kraftlag om disponering av kommunen si konsesjonskraft. Samla kraftmengde er om lag 9,6 GWh. Siste avtale gjeld frå og med 2021 til og med 2024. I brevet som KDD har sendt, er det i vedlegg lagt til grunn ei konsesjonskraftmengde for Modalen kommune på 16 085 MWh. Dette er ikkje rett. Me legg ved stadfesting av konsesjonskraftmengda på om lag 9,6 GWh (9 600 MWh) frå Modalen kraftlag. 9,6 GWh er i tråd med mengda som er nytta i dei ulike dokumenta eg har sett knytt til konsesjonskraft i Modalen kommune.

Avtalen medfører låg inntekt til Modalen kommune for konsesjonskraftmengda på 9,6 GWh. Kun straum som kraftlaget sel til næringslivet i Modalen kommune gjev noko inntekt til kommunen. Denne inntekta vert rekna slik:

Kraftpris til næringslivskundar	60,00 øre	
Konsesjonskraftpris	11,57 øre	
Netto/overskot	48,43 øre	Dette «overskotet» delast likt mellom kommunen og kraftlaget i høve til næringslivskundane sitt samla forbruk.

Basert på oversyn frå kraftlaget for 1.halvår 2022 har eg stipulert samla mengde kraft til næringslivskundar for eit år til å vere om lag 1,5 GWh. Stipulert årsinntekt etter ny avtale vert såleis $1\,500\,000\text{ kWh} * 0,48 = \text{kr } 720\,000$, som delast likt med kr 360 000 på hhv kommunen og kraftlaget.

Revisjon:

Sjå avsnittet Revisors kontrollhandlinger i brev frå KDD av 14.10.22. Uttale frå revisjonen skal leggest ved utfylt rapporteringsskjema som skal sendast KDD innan 1.12.22.

Vedlegg:

Brev frå KDD 14.10.22

Avtale mellom Modalen kommune og Modalen kraftlag om disponering av konsesjonskraft
KS-vedtak 008/2021 om avtale mellom Modalen kommune og Modalen kraftlag om disponering av konsesjonskraft

Epost frå Modalen kraftlag 26.10.22: Stadfesting av konsesjonskraftmengde på om lag 9,6 GWh

Utfylt skjema til KDD

Oversyn over konsesjonskraftmengde – Tabell 1/vedlegg til brevet frå KDD av 14.10.22

Venleg helsing
Magne Verpelstad
Økonomisjef



Modalen kommune | Postboks 44, 5732 MODALEN | Tel: 56599000 | Dir: 56599011 | Mob: 41760820